



(14)

Even Gausereide
Nesbrekka 88
5912 SEIM

Referanser:
Dvkkar:
Vår: 14/1907 - 14/15467

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.07.2014

Utsleppsløyve for 2 fritidsbustadar - gbnr 175/10 og gbnr 175/8,14,24 - Skår.

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:	Even Gausereide Stig Hofstad
Ansvarleg søker:	
Type utslepp :	Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype:	Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for 2 eksisterande fritidsbustadar på gbnr 175/10 og gbnr 175/8,14,24. Fritidsbustadane har i dag installert snurredass og søker no om nytt reinseanlegg i samband med at det skal installerast vassklossett i bygga. Utsleppet skal reinsast i felles biologisk/kjemisk reinseanlegg før utslepp til kistegrøft. Sjølve reinseanlegget skal plasserast på gbnr 175/10, medan utsleppsleidningen frå anlegget vert lagt over gbnr 175/1.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 2,5 pe per fritidsbustad, totalt 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 27.02.2014.

Planstatus

Eigedomane ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen er definert som LNF-føremål. Det er søkt om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for omsøkte tiltak i skriv mottatt 29.04.2014. Løyve til dispensasjon er gitt i vedtak datert 07.07.2014.

Nabovarse



Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsle og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsle er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 1.
Det har ikkje kome merknader til søknaden.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist på situasjonskart datert 14.11.2013.

Reinseløysing

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget tilfredsstiller NS-EN 12566-3. Omsøkte reinseløysing stettar krav til utsleppsstad i følsamt/normalt område, med brukarinteresser.

Privatrettslege tilhøve

Reinseanlegget skal plasserast på gbnr 175/10 medan avlaupsleidningen frå anlegget vert ført til kistegrøft på gbnr 175/10.

Det ligg føre avtale om at gbnr 175/8,14,24 får løyve til å knyta seg til reinseanlegg som er plassert på gbnr 175/10.

Det ligg føre avtale, datert 13.02.2014, om at avlaupsleidning kan førast til kistegrøft på gbnr 175/10.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at eigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf forureiningsforskrifta § 12-13. Det ligg ikkje føre serviceavtale.

Godkjenning etter anna lovverk

Løyve til dispensasjon og etablering av anlegget etter pbl § 20-1 er gitt i vedtak datert 07.07.2014.

VURDERING

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova og finn at det omsøkte utsleppsløyvet ikkje kjem i konflikt med naturmangfaldslova og dei omsyna den skal ivareta. Det er ikkje kjend at det er andre særlege interesser i området som krev særskilde tiltak.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre med vilkår om at det vert dokumentert at det er inngått serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, før det vert gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

VEDTAK:

Kommunen gjev i samsvar med Forskrift om begrensing av forurensing kap 12 utsleppsløyve for 2 fritidsbustadar, 5 pe, i samsvar med søknad motteke 27.02.2014 og på følgjande vilkår:

- Avlaupet skal reinsast i kjemisk/biologisk reinseanlegg før det vert ført til kistegrøft.
- Anlegget skal plasserast slik vist på kart datert 14.11.2013..
- Reinseanlegget skal plasserast slik at det kan vedlikehaldast og driftast av godkjend føretak.
- Det skal dokumenterast at det er inngått serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget, jf forureiningslova § 7.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnehene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avløpsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, if.

forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Gebv:

(17)

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skiidring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp < 15 pe	1	Kr 5 300,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 300,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1907

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Stendal VVS AS

Blombakken 1 · 5911

ALVERSUND

Mottakarar:
Even Gausereide
Stig Hofstad

Nesbrekka 88 · 5912
Krohnegården 176 · 5146

SEIM
FYLLINGSDALEN